



Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen

Dato: 1. september 2016

Tid: Ca. kl. 19.30 (etter fellesrådet)

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem N.B. Ord for dagen
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten

Fitjar, 26. august -2016

Harald Rydland

Helga Olsen Aadland

Kyrkjeverje

Soknerådsleiar

Sakliste:

Saksnr.

- S-31/16 Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
- S-32/16 Rutinar for kollekt og kontantar
- S-33/16 Gjennomgang av arrangement
- S-34/16 Godkjenning av referat
- S-35/16 Meldingssaker
- S-36/16 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 31/16: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt

På siste møte før sommarferien valde soknerådet eit arbeidsutval som skulle komme med framlegg til nytt misjonsprosjekt som kyrkjelyden skal støtta. Medlemer i utvalet vart Helga Olsen Aadland, Fridleif Lydersen og Sigrid Fangel. Utvalet skulle konsentrera seg om prosjekt som vert drivne av NMS eller Stefanusalliansen.

Det vil verta lagt fram meir informasjon om saka i møtet. Soknerådet kan gjera endeleg vedtak i neste møte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 32/16: Rutinar for kollekt og kontantar

I samband med at Sparebanken Vest stenger avdelinga i Fitjar 1. oktober, vert det ikkje lenger råd å verta av med kontanar for å setja dei inn på bankkonto i Fitjar. Difor må me finna andre løysingar for dette hos oss. Fram til no har kyrkjeverja sett kollekten inn på bankkonto via innskotsautomaten i banken. Dette har vorte gjennomført nokre dagar etter at kollekten er teken opp i kyrkja. Når Sparebanken legg ned i Fitjar vert det heller ikkje råd å leggja kontantar i nattsafe her i bygda. For ettertida vert Leirvik den nærmeste staden med slikt tilbod.

Handteringa av kontantane som kjem inn i kollekt har me gode og trygge rutinar på. Klokkar og ein av kyrkjevertane skal telja opp, fylla ut skjema, signera og leggja kontantane i safen i kyrkja rett etter gudstenesta. Denne rutinen vil me halda fram med. Det nye vert at nokon må ta pengane med til Leirvik for å få dei i nattsafen der. Det er ikkje meinig i å sende folk eins ærend att og fram for dette oppdraget. Difor har kyrkjelydprest Fridleif Lydersen teke på seg å hjelpe til med dette. Summen som er komme inn i kollekt vert registrert på banken si nettside før pengane vert teken med til nattsafen.

Soknerådet bør sjå på om ordninga med digital innsamling av kollekt kan utvidast. Så langt har innsamlinga av kollekt via SMS fungert greitt. Frå mars og til no er det samla inn om lag kr. 11.000,- på tenesta, og bruken har auka den siste tida. Me har fått tilbakemelding frå folk som ikkje kan bruka tenesta fordi dei har firmatelefon. Desse kunne tenkt seg Vipps e.l. i tillegg til SMS. No har me alt ingått avtale med DnB om å bruke Vipps i kyrkjelege samanhengar. Dette er ei teneste som er enkel å bruke, og enkel å administrere. Difor vil eg rá til at soknerådet godkjenner bruk av Vipps som betalingsform for kollekt og andre føremål i kyrkja.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til at kontantar frå kollekt o.l. vert teke hand om, slik det er føreslege i saksutgreiinga. Vidare sluttar soknerådet seg til at Vipps kan takast i bruk for digital innsamling av kollekt i kyrkja.

Sak 33/16: Gjennomgang av arrangement

Sidan sist møte har det vorte gjennomført fleire arrangement i kyrkja sin regi. Det skal og arrangerast ulike tiskipingar utover hausen som kyrkja står ansvarleg for. Dette gjeld m.a. gudstenester, konfirmantarbeid, trusopplæring, diakoni m.m. Soknerådet bør ta ein samtale om evaluering, status og vidare framdrift for dei ulike tiltaka.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka



Sak 34/16: Godkjenning av referat

Utkast til referat frå førre møte vart sendt ut før sommarferien. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader når det skal godkjennast i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet frå møte 2. juni 2016.

Sak 35/16: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Bruk av bedehuset til kyrkjelege arrangement hausten 2016
2. Gjevartenesta
3. Møteplan for soknerådet
4. Jubileumsboka
5. Program for jubileumsåret 2017
6. Prostidagen 22. september

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 36/16: Open post